



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Kvingebakkevegen 97
5981 Masfjordnes

Referanser:

Dykkar: f0fa7b30-c13a-488f-9e70-
824e68c9db74

Vår: 22/1156 - 22/10267

Sakshandsamar:

Jan Kvingedal

jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

14.12.2022

Førebels tilbakemelding - Søknad om løyve til tiltak - riving av gamalt våningshus - gbnr 46/1

Viser til søknad om riving av bygg på gbnr. 46/1, datert 09.12.22.

I Teknisk forskrift (Tek17), §9-6 og §9-7 er det gitt ulike krav til kva som må liggja føre ved blant anna tiltak som riving.

Det framgår ikkje av søknad storleiken på bygget som skal rivast, men me antar at BRA er over 100 m². Det framgår uansett av avfallsplan vedlagt søknad at total mengde rivingsavfall er berekna til over 10 tn.

Då er det iht. Tek17, §9-7, 2. ledd krav til miljøkartlegging, slik me vurderar det. Det framgår vidare i 4. ledd krav til innhaldet i miljøkartlegginga.

Avfallsforskrifta kap. 1, 14 og 14A gir og føringar for handtering av avfall frå riving, som er relevant.

Masfjorden kommune har ikkje nevneverdig kjennskap til bygget som skal rivast utanom bileta som er vedlagt søknaden. Men me registrerer at kjeller-etg. består av betong eller puss med maling. Denne er det særskilt viktig at blir undersøkt for innhald av PCB og andre miljøgifter, då dette er kjend problemstilling for bygg som er oppført før 1975.

Me imøteser nemnd dokumentasjon over før saka kan behandlast av Masfjorden kommune.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt saksbehandlar Jan Kvingedal.

Med helsing

Jan Kvingedal
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS Kvingebakkevegen 5981
97

Masfjordnes